

Rapport Den kulturelle spaserstokken 2017 i Ulvik herad

19.jan.2017: Konsert på Ulvik sjukeheim/arbeidsstova

Annlaug Børshheim frå Ulvik og Rannveig Djønne frå Djønno har spelt i lag i 10 år. Dei har fleire hundre konserter bak seg som duo. På konserten i arbeidsstova vart det presentert både tradisjonelle slåttar og eige komponert materiale.

8.feb. 2017: Og plassen heitte....

Stadnamna fortel kva geografiske område heiter og er ein viktig del av den norske språkkulturen. Gunnstein Akselberg er språkprofessor ved Universitetet i Bergen og ein populær formidlar om språk, for tida er han aktuell i Linda Eides språksjov på NRK. Han kjem til Ulvik med eit opplysande kåseri om gardsnamn, namnetolking og namnenormering. Arrangementet er i samarbeid med Haugesenteret.

22.juni 2017: Konsert med Felefylgje på Ulvik sjukeheim/arbeidsstova

Tre unge lokale folkemusikarar på rundreise for å syne folkemusikken og dansen til bygdene våre.

31.okt. 2017: Luther: Europa i endring

Foredrag med forfattar Sigrun Høgetveit Berg som er aktuell med boka "Reformasjonen". I denne boka får vi for første gong ei samla framstilling av reformasjonen i Noreg sett i ein europeisk kontekst. Forfattaren ser på årsaker og verknader og legg vekt på å sjå dei politiske og religiøse sidene i samanheng. Arrangementet er i samarbeid med Haugesenteret.

9.des. 2017. Førejulstreff for Ulvik og Granvin Pensjonistlag

Ulvik og Granvin Pensjonistlag hadde førejulsmøte på Hardanger Gjestehus i Ulvik. Dei var så heldige å få med seg Frank Rolland og Ingeleiv Kvammen til å halda konsert.

14.des. 2017: Jolekonsert med Reidun Horvei og Inger Kristine Riber.

